

HAVET, PLASTEN & STRANDRYDDAREN

Oppdatert 04.01.19.

KVEN KJEM:

- 1 Foredragshaldarar frå frivillige aktørar
- 2 Sunnmøre Friluftsråd (partnar)
- 3 Plastpiratene
- 4 Plastfritt Hav
- 5 Clean Coast AS
- 6 Hold Norge rent
- 7 Møre og Romsdal fylkeskommune
- 8 Sparebank 1 Søre Sunnmøre (Sponsor)

KVEN ANDRE ER INVITERT:

- 9 Frivillige
- 10 Kommunane på Sunnmøre
- 11 NTNU
- 12 Miljødirektoratet
- 8 Reinholdsselskapa VØR, ÅRIM og SSR

*Frå lunsj til lunsj i helga
12-13 januar 2019*

SAMARBEIDSPARTNARAR:



Invitasjon til frivillige strandryddarar på Sunnmøre

Runde Miljøsententer og Sunnmøre Friluftsråd synes det er viktig å møte frivillige som plukkar marint avfall langs strendene på Sunnmøre.

Frivillige har kunnskap som er viktig å dele og få fram. Derfor vil vi invitere eldsjelene som nyttar fritida si på dette arbeidet, samt små og store frivillige organisasjonar, til eit arbeidsseminar over to dagar der vi diskuterer funn og kva vi kan gjere vidare. Sidan dette arbeidsseminaret skal fungere og passe for frivillige, så må vi legge det til ei helg.

Vi vil med dette invitere Miljødirektoratet, Hold Norge rent, Møre og Romsdal fylkeskommune, kommunane og reinholdsselskap til å kome å høyre på og delta i diskusjonen saman med ivrige strandryddarar.

Alle som ryddar strender kan melde seg på dette arrangementet og få dette dekket. Vi har maksimum 15 plassar for frivillige som vil delta og som vil overnatte til neste dag. Her er det fyrstemann til mølla. For dei som ikkje ynskjer å overnatte gjeld ikkje dette, men dei må melde seg inn som deltakar utan overnatting for å få vere med.

STOLT SPONSOR:



DAG 1

Dag 1 handlar om
oppdraget og
plukkaren

11:30 Velkomen og innsjekking

12:00 Varm lunsj

13:00 Arbeidsseminar startar

- Velkomen til Runde av Nils-Roar Hareide (Runde Miljøsenster) og Wenche Dyb (Sunnmøre Friluftsråd)
- Kort presentasjonsrunde (kven er vi og kvar ryddar vi)

13:10 Kva har eg rydda i det siste? (max 15 min per pers)

- Isabella Lang og Erika Jasiūnienė fortel om rydding i Mulevika.
- Randi Kjærstad og Beate Kjerstad fortel om rydding på Lepsøy
- Jannicke Johnson og Charlotte Hauge fortel om rydding på Skredestranda
- Oddmar Remøy fortel om rydding på Runde
- Sunnmøre Friluftsråd fortel om Vemøya

Open diskusjon: Kva vanlege utfordringar møter ein som frivillig plukkar og korleis kan vi løyse dette?

14:45 SpareBank 1 Søre Sunnmøre: «tenk miljø, tenk framtid»

SpareBank 1 Søre Sunnmøre fortel om miljøatsinga i sin eigen organisasjon og kva dei har gjort for miljøet i det siste

Open diskusjon: Korleis kan SpareBank 1 Søre Sunnmøre bidra til miljøfokus og viktige miljøtiltak i samarbeid med andre aktørar i lokalsamfunna?

15:15 Pause og beinstrekk

15:30 Taustump – kva er du laga av og kva har du vore brukt til?

Per Frøystad, Fiskereiskapfirma Frøystad AS skal fortelje litt om ulike typar tau. Kanskje vi kan bli flinkare på kjenne att taustumpar når vi finn dei?

Open diskusjon: Funn i fjøra, og kva er dei ulike tinga vi har funne. Vi går igjennom innsende bilete og materiale for diskusjon.

16.15 Havstraumar og plast

Oseanograf Jenny Ullgren (Runde Miljøsenster) snakkar om havstraumar og kvar det marine avfallet flyt.

Open diskusjon: Kvar kjem plasten i frå, og kva har vi funne når vi ryddar kysten?

16:45 Pause og beinstrekk – frukt og kjeks

17:00 Fylkeskommunen og Vestlandsrådet – Kva er vår rolle i Marin Forsøpling

Pernille E. Giske kjem frå Møre og Romsdal fylkeskommune og fortel kva rolle dei har.

Open diskusjon: Korleis få fram behovet oppover i systemet? Kva kan Vestlandsrådet vere med på å arbeide fram?

17:30 Henting og sortering ved kysten

Clean Coast AS fortel litt om sin ide og arbeidet med å få etablert ein flytande miljøstasjon på havet.

Open diskusjon om henteordningar og utfordringar knytt til desse. Er dagens løysingar for avfallshandtering ideelle?

18:00 Kvifor er det viktig å registrere når vi ryddar?

Hold Norge Reint forklarar litt om ryddeportalen og korleis dei nyttar tala vi legg inn. Dei skal også informere om tala spesifikt for Sunnmøre.

Open diskusjon: Ryddeportalen og registrering. Er portalen dekkande for vårt arbeid, er vi flinke nok til å registrere eller manglar den sorteringskategoriar. Kome med tilbakemelding på innhald.

18:30 Avslutning av dagens sesjon

19:00 Middag og mingling

Dag 2

Dag 2 handlar om
vegen vidare

08:00 Frukost

09:00 Oppsummering dag 1

09:15 Året 2019 – kalender og vidare samarbeid?

10:00 Hold Norge Rent snakkar litt om Før fuglane kjem.

Skulle vi ha tenkt større og hatt fleire inn i dette arbeidet? Vi har Giske våtmarksområde, Lepsøya og Runde som kunne arbeid saman om ein felles dag for dette arbeidet?

11:00 Kort pause

11:10 Plastfritt Hav fortel om sitt arbeid framover

11:30 Avslutning, vegen framover og oppsummering

12:00 Lunsj

13:00 Strandhogg (strandtur i terrenget)

15:00 SØNDAGSFØREDRAG (ope for absolutt alle interesserte)

